

Møteinkalling

Utval: **Jostedalsbreen nasjonalparkstyre**

Møtestad: E-postmøte

Dato: 20.06.2016

Tidspunkt: 21:00

Dette blir eit e-postmøte med to vedtakssaker. Dei faste elementa på sakslista er utelatt denne gongen, som t.d. godkjenning av innkalling, referatsaker og val av representant for godkjenning av protokoll. Kvart enkelt styremedlem svarar pr. e-post og skriv om de er for eller i mot forvaltar si innstilling. Hugs å returnere e-posten som «svar alle», slik at alle får med seg ev. spørsmål eller kritiske merknadar frå enkelte medlem!

Frist til å svare er måndag kveld kl. 21.00. Dersom færre enn fire svarer, er styret ikkje vedtaksføre, og eg kallar inn vara.

God helg så lenge!

Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 29/16	Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til endring av sel på Sunndalssetra - M.R. Guddal		2016/1754
ST 30/16	Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til flyging med drone i Oldeskaret, Briksdalen og Kattanakken - Hansgarden Media og EDB		2016/2186

Arkivsaksnr: 2016/1754-0

Saksbehandlar: Maria Collett Knagenhjelm

Dato: 17.06.2016

Utval	Utvalgssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	29/16	20.06.2016

Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til endring av sel, uttak av torv til taktekking og flyging med helikopter i samband med materialfrakt til Sunndalssetra - M.R. Guddal

Innstilling fra forvaltaren

I medhald av verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark, punkt 1.3, første ledd, gir styret med dette løyve til Mons Rune Guddal, på vegner av Hans Guddal, til å byggje om selet på G/bnr 14/3 på Sunndalssetra i Stryn kommune. Løyvet til ombygging gjeld på følgjande vilkår:

- Selet blir endra i tråd med søknaden. Det inkluderer utbytting av botnstokkar i selet, endring av takmaterial fra bølgjeblekk til torvtekking, kledning på tre av ytterveggane, og oppsetting av ringmur av leca under selet kledd med tørrmura naturstein. Ytterveggen med inngangsdøra vert i utgangspunktet ikkje kledd, slik at ein kan sjå den opphavlege tømmerveggen.
- Dette løyvet gjeld til og med år 2018. Rapport og biletet vert sendt nasjonalparkstyret ved avslutta prosjekt.
- Alt avfall skal fraktast ut av nasjonalparken. Reint, ubehandla trevirke kan brennast. Material skal lagrast forsvarleg, og det som ikkje vert brukt skal fraktast ut att av nasjonalparken.

I medhald av naturmangfoldlova § 48 gir Jostedalsbreen nasjonalparkstyre løyve til å ta ut torv- og torvmaterial i nærleiken av setervollen til tekking av seltaket. Torva skal takast på ein skånsam måte for terrenget og vegetasjonen, og uttaket kan fordelast litt utover landskapet. Det skal ikkje nyttast frøblandinger eller torv/jord frå andre plasser enn rundt setervollen.

I medhald av verneforskrifta punkt 4.3 gir Jostedalsbreen nasjonalparkstyre løyve til lågtflyging og landing med helikopter på Sunndalssetra på følgjande vilkår:

- Max 7 hiv med helikopter med det føremål å frakte material, verktøy og utstyr inn til setervollen i samband med byggeprosjektet, og til frakt av avfall ut att.

- Flyginga skal ikkje skje på laurdagar, søndagar, heilagdagar og på offentlege feriedagar grunna omsynet til friluftslivet.
- Flyginga kan gjerne kombinerast med andre transportoppdrag til Sunndalssetra som gjeld frakt av material, utstyr, proviant inn til setra, søppel ut frå setra, eller liknande, men skal halde seg til det løvvde talet turar.
- Dagen før planlagt flyging skal Statens naturoppsyn v/ Anne Rudsengen (tlf 95 96 38 88) eller underteikna varslast pr. sms eller telefon.
- Flygeløyvet gjeld like lenge som byggjeløyvet.

Saksopplysningar

Dokument i saka:


- Søknad frå Mons Rune Guddal til Stryn kommune
- Uttale frå Sunndalssetra grunneigarlag v/ Sverre Guddal datert 19. april 2015
- E-postutveksling mellom Mons Rune Guddal og nasjonalparkforvaltar
- Telefon og e-postutveksling med Stryn kommune v/byggesakshandsamar
- Søknad til Kulturminnefondet frå Mons Rune Guddal, og følgjebrev frå naisonaparkforvaltaren til støtte for søknaden.

Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark
- Lov om bevaring av naturens mangfold (naturmangfoldlova)
- Forvaltningsplan med tilhøyrande kart for Jostedalsbreen nasjonalpark, frå 1994


Søknaden

Mons Rune Guddal søker på vegner av sin far, Hans Guddal, som eig sel nr 14/3 på Sunndalssetra i Stryn kommune, om løyve til restaurering/ombygging av selet sitt, sjå biletet 1.



Selet har i dag bølgjeblekk, og søker ønskjer å føre taket tilbake til det opphavlege, som var torv. Den nedste laftestokkane på selet er i dårlig stand, og han ønskjer også å bytte ut dei dårlige stokkane med nye laftestokkar. I samband med skifte av

botnstokkar ønskjer Mons Rune Guddal også å lage ein mur av leca-blokker under selet for å stabilisere bygningen. Selet siger i litt ulike retningar i dag, og han ønskjer å ha betre og meir solid underlag. På utsida av Leca-muren vil han mure opp att den gamle natursteinmuren, slik at murfasaden ikkje blir endra frå slik det ser ut i dag. Søkjar vil kle tre av veggane med liggjande furukledning av varierande breidde. Føremålet med kledinga er å verne dei gamle tømmerveggane og hindre gjennomtrekk i selet. Nokon stader i veggane kan ein sjå rett ut i friluft. Sjå bilete 2 for detaljar.




Utdrag frå søknaden:

Tanken min er å mure opp igjen natursteinsmuren og å heve den noko slik at treverket i framtida skal kome opp frå grunnen og dermed unngå forrotnelse. Det vil bli brukt litt mørTEL i forbindelse med muringa, dette er for å lette murarbeidet og sikre stabiliteten til muren. Dette skal utførast slik at mörtelen ikkje er synleg frå utsida og slik at muren framstår i naturleg tilstand. For å lette arbeidet med tilkjøring av Stein tenker eg å bruke leca innvendig på muren dette er også for å få ein tett og musefri mur. Innanfor tenker eg å fylle opp med leca kuler. Også for å lette arbeid med tilkjøring av massar, samtidig har denne ein drenerande/isolerande/utluftande effekt. Innvendig blir det lagt eit flytande golv på lecakulene evt eit bjelkelagsgolv som vist på teikning viss dette viser seg betre egna. Oppå grunnmuren vil der bli støypt ei murkrone som skal bære den nye ytterveggen, denne vil bli skjult av kledninga. Selet blir kledt med liggande furukledning i varierande bredder, dette for å prøve å etterligne stilens slik som det framstår idag og for å følge stilens til fleire av dei gamle restaurerte sela. Kledninga vil bli behandla med Milebrent furutjære, av samme typen som er på tømmerstokkane no. Dette er ei naturleg behandling av gamle bygningar i tre, fargen er mørkbrun til svart. Når det gjeld taket tenker vi å bytte ut bølgeblekken med torvtak, slik det framstod opprinnelig. Sperrene blir tilverka på setra og vi har bestemt oss for å gå for stedlig torv. Det blir ein vanleg torvtakkonstruksjon med synlege sperrer innvendig, taktro, takpapp, knotteplast og stedlig torv. Langs takutstikka blir det lagt inn bjørkenever for å etterligne tekkinga som blei brukt før.

Stryn kommune v/ avdelingsingeniør Borghild Guddal på avdeling for byggesak og regulering sendte saka over til nasjonalparkstyret for uttale og handsaming. I ein e-post skriv kommunen følgjande:

Stryn kommune har ein vedteken kommunedelplan for bygningsvern. I den planen er selet til gbnr. 14/3 (Jørnselet) plassert i verneklasse C, dvs. at det ikkje har spesiell vernestatus. Men sela til gbnr. 14/3, 14/5, 17/1, 17/3 og 17/5 høyrer til i eit miljø som har ein innbyrdes samanheng som det er viktig å ta vare på. I og med at selet er i vernestatus C, og det er ikkje er snakk om tilbygg eller liknande, har kommunen ikkje sendt søknaden til fylkeskommunen for uttale.



Selet har i dag eit lite tilbygg på vestveggen, som ikkje er planlagt endra eller utvida. Bygget, som også er kalt Jørn-selet, er truleg det eldste på Sunndalssetra, og kan være 300 år gamalt.

Lovgrunnlag

I verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark står det i § IV, punkt 1.1: *Landskapet er verna mot alle inngrep, mellom anna oppsetting av bygningar (...).* I punkt 1.2., første strekpunkt står det: *Reglane er ikkje til hinder for at eksisterande bygningar og anlegg m.v. kan haldast ved like i tråd med byggjeskikken på staden, men ikkje endrast, bygjast om eller utvidast, (...)* Punkt 1.3, første strekpunkt, seier at *Forvaltningsstyresmakta (...) kan når særlege grunner ligge gje løyve til å bygge, ombygge, utvide eller endre bygningar m.m som nemnd under punkt 1.2. Bygningane skal vere i tråd med tradisjonell byggjeskikk på staden og tilpassast landskapet i området, (...).*

Plantelivet er verna mot all slags skade og øydelegging som ikkje kjem av vanleg ferdsle og tradisjonell beiting i utmark, jf verneforskrifta punkt 2.1. Nye planteartar må

heller ikkje innførast. Det er ikkje opning i forskrifta for å gje dispensasjon frå dette, så difor må naturmangfoldlova si § 48 nyttast i tilfellet der ein ønskjer å ta ut torv.

Motorferdsle er i utgangspunktet forbode i Jostedalsbreen nasjonalpark, jamfør verneforskrifta pkt. IV, 4.1. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til motorferdsle for blant anna transport av material til hytter m.m., jf. verneforskrifta pkt. IV, 4.3 andre strekpunkt. I tråd med verneforskrifta pkt. IV, 4.3 skal fylgjande leggjast til grunn for vurdering av søknaden: «*Før eventuelt løyve vert gjeve skal trøngen for transport vurderast mot moglege skader og ulemper og i høve til eit mål om å redusere motorferdsela til eit minimum. Andre transportmetodar og kombinasjonar av fleire transportoppdrag skal òg vurderast.*»

Stølsmiljøa i Jostedalsbreen nasjonalpark er ein viktig del av landskapsbiletet, og tiltaket skal difor også vurderast etter dei «miljørettslege prinsippa» i §§ 8-12 i naturmangfaldlova (nml.), jf. nml. § 7, og føremålet med nml. (§ 1): «*Lovens formål er at naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved bærekraftig bruk og vern (...).*»

Vurdering

Med grunnlag i verneføremålet for Jostedalsbreen nasjonalpark er det viktig å ta vare på stølsmiljøa, som til dømes på Sunndalssetra. I forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark er retningslinja for kulturminne og bygningar omtala slik: «*Hindre at kulturminne og verdfullt kulturlandskap vert øydelagde av inngrep og slitasje. Dersom det er ønskjeleg skal verdfulle kulturminne, kulturlandskap og bygningsmiljø i Jostedalsbreområdet takast vare på gjennom restaurering.*»

Nokon av bygningane på Sunndalssetra har torvtak i dag. For femti år sidan var torv den dominerande taktekkinga på stølsvollen. Dette kan såleis seiast å vere den tradisjonelle byggjeskikken på staden. Opphavleg hadde sokjar ønskje om å fly inn torv med helikopter utanfrå nasjonalparken. Fordi innføring av plantemateriale er forbode, jf verneforskrifta, samt at det ville ha ført til ekstra flyging med helikopter, fann sokjar og forvaltar ut at det beste, i høve verneforskrifta og økonomien i prosjektet, var å ta ut torv i nærlieken av stølsvollen. Det var den opphavlege metoden på stølane. Forvaltar vurderer at avgrensa, skånsamt uttak av torv på eit spreidd område til tekking av tak i eit restaureringsprosjekt ikkje er i strid med vernevedtakets føremål og kan heller ikkje påverke verneverdiane nemneverdig, slik krava i nml § 48 stiller til eit slikt vedtak.

Stølsmiljøa er ein viktig del av vernegrunnlaget for Jostedalsbreen nasjonalpark. Kunnskapen om kulturmiljøet og kulturlandskapet rundt stølane er høgt, og forvaltar er godt kjent på Sunndalssetra (jf. nml. § 8). Ein føresetnad for å oppretthalde kulturlandskapet er at stølsområda er i bruk. Det er difor viktig å halde ved like bygningane for å oppretthalde kulturlandskapet (jf. nml. § 8). Tiltaket er ikkje venta å føre til belastning på økosystemet (jf. nml. § 10), utover den aktiviteten knytt til stølsmiljø som det er ønskjeleg å ha for å oppretthalde kulturlandskapet. Jamfør nml. § 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar, bør det setjast vilkår om at eventuelt behandla trevirke, og anna avfall som blir til overs, skal fraktas ut av nasjonalparken, og at det ikkje skal liggje att materiale eller anna utanfor selet etter at arbeidet er gjennomført. Reint, ubehandla trevirke kan brukast som brensel i selet, eller brennast på bål. Kostnadane ved miljøforringelse er lite aktuelt i dette tilfellet (jf. nml. § 11).

Den samla belastinga av støy og uro frå helikopter vil vere merkbar i byggeperioden, men forvaltninga vurderer dette som tolbart i ei avgrensa periode (nml § 10). Det er eit mål i Jostedalsbreen nasjonalpark å holde nivået på den motoriserte ferdsla så låg som mogeleg. Den samla belastinga på Sunndalssetra med tanke på helikoptertransport er lita.

Søknaden frå Mons Rune Guddal er grundig og vitnar om forståing for bygningsvern. Han søker Kulturminnefondet om sikrings- og straksmidlar for muren, og planlegger også å søkje i den ordinære søknadsrunden 1. november om midlar til resten av prosjektet på selet. Nasjonalparkforvaltninga skriv eit følgjebrev til søknaden.

Mons Rune Guddal skriv i søknaden også noko om endringer innvendig i selet, men det vurderer forvaltar at ligg utanfor myndet til nasjonalparkstyret.

Forvaltar vurderer at både ombygginga/restaureringa, torvuttaket og helikoptertransporten er i tråd med verneforskrifta og innstiller positivt på disse tre tiltaka.

Arkivsaksnr: 2016/2186-0

Saksbehandlar: Maria Collett Knagenhjelm

Dato: 17.06.2016

Utval	Utvalgssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	30/16	20.06.2016

Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til flyging med drone i Oldeskaret, Briksdalen og Kattanakken - Hansgarden Media og EDB

Innstilling fra forvaltaren

Hansgarden Media og EDB v/ Berge Myrene får løyve frå Jostedalsbreen nasjonalparkstyre til å fly med drone i samband med filming i områda Briksdalen, Kattanakken og Oldeskaret i Jostedalsbreen nasjonalpark. Løyvet gjeld for inntil fire flygingar à maks 15 minutt i perioden frå dagens dato til 15. juli, og er gjeve med heimel i naturmangfoldlova si § 48.

Vilkår for løyvet:

- Flyging i Briksdalen og Oldeskaret skal skje før kl. 10 på føremiddagen, av omsyn til besøkande turistar og friluftsliv.
- Flyging langs ruta på Kattanakken og skal ikkje skje i helgane, av omsyn til turgåarar.
- Dette løyvet skal vere med under flyginga i tilfelle kontroll.
- Det skal takast omsyn til vilt og folk som måtte opphalde seg i området. So langt det er mogeleg skal det ikkje flygast nærmare folk enn 200 m. Før flyging tek til skal området inspiserast for vilt som omtala i søknaden.
- Dagen før planlagt flyging skal Statens naturoppsyn v/ Anne Rudsengen (mob. 95 96 38 88) eller forvaltar varslast, og i ettertid skal det sendast rapport til nasjonalparkforvaltaren.

Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Søknad om droneflyging frå Hansgarden Media og EDB datert den 8. juni 2016 med vedlegg: kart over aktuelt flygeområde og lisens for dronebruk


- Verneforskrift for Jostedalsbreen nasjonalpark
- Naturmangfaldlova

Søknaden

Hansgarden Media og EDB v/ Berge Myrene søkte pr. e-post datert den 8. juni 2016 om dispensasjon for å fly med drone inne i Jostedalsbreen nasjonalpark. Berge Myrene var også i kontakt med forvaltar på telefon. Søkjar vart gjort merksam på regelverket kring droneflyging i verneområde i samband med eit NRK-oppslag om droneflyginga på Galdhøpiggen. Han søker i samband med ein filmproduksjon for Briksdalsbreen Fjellstove AS, som er oppdragsgjevar. Målet med filmane er å fremje fotturisme i området Briksdalen, Oldeskaret og Kattanakken, og syne naturkvalitetar og tilrettelegging for enkelt friluftsliv.

Hansgarden Media og EDB søker om inn til fire flygeperiodar på maksimalt 15 min lengde. Flygingane skal fordelast på to dagar, men eksakte datoar er ikkje settet ennå. Det er avhengig av gode tilhøve for flyging, men vil skje snarast muleg.

Søkjar opplyser om at det skal nyttast ei støysvak drone, og at dei før flyging vil inspirere området for dyr og fuglar som kan verte uroa. Vedlagt søknaden ligg sertifikat frå Luftfartstilsynet som syner at Hansgarden Media og EDB har lisens til å drive kommersiell verksemd med drone. Kartet under var vedlagt søknaden. Det blå skraverte området syner aktuelt flygeområde.



Lovgrunnlag

Bruk av drone i ulike samanhengar har skapt nokre utfordringar for forvaltninga av nasjonalparkar og andre verneområder. Det er eit relativt nyt fenomen, som derfor ikkje er teke høgde for i regelverket. Særleg gjeld dette dei litt eldre verneforskriftene, som til dømes Jostedalsbreen si forskrift frå 1991. Ein finn derfor ikkje spesifikke reglar for bruk av droner, men må vurdere dette opp mot dei meir generelle føresegnene i verneforskriftene.

Bruk av drone fell ikkje inn under definisjonen for motorferdsel. Motorferdsel gjeld farkostar som er store nok til å frakte ein person, og det er ikkje den drona det her er snakk om å bruke. Det generelle forbodet mot motorferdsel i verneforskrifta kap. IV § 4.1 gjeld derfor i utgangspunktet ikkje droner, og der er altsok forbod mot å bruke drone i nasjonalparken. Det er likevel eit krav at all aktivitet i nasjonalparken skal vere

omsynsfull, ikkje uroe vilt og ikkje føre til ulempe for andre, jamfør verneforskrifta kap. IV § 6:

6. Ferdsle og annan aktivitet

All ferdsle og aktivitet skal vere omsynsfull og varsam slik at ein ikkje skadar natur- og kulturverdiar, uroar vilt eller er til ulempe for andre.

[...]

Bruk av drone er ein aktivitet som potensielt sett *kan* både uroe vilt og vere til ulempe for andre brukarar, dersom ein ikkje tek naudsynte omsyn. Fordi det ikkje er opning i verneforskrifta for å vurdere den omsøkte aktiviteten, må søknaden om droneflyging bli vurdert opp mot den generelle unntaksregelen i naturmangfoldlova si § 48. Heimelen blir nytta, mellom anna, til å vurdere aktivitet/tiltak som ikkje var vurdert på vernetidspunktet. Alle tiltak som kan påverke naturmiljøet skal dessutan vurderast opp mot miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova (nml) §§ 8-12.

Vurdering

Som nemnt er droner eit ganske nytt fenomen. Vi har derfor framleis lite forvaltningspraksis og praktisk erfaring å sjå til. Det vi veit er at bruk av drone i visse situasjonar kan uroe viltet, særleg vil hekkande fugl vere utsett. Vi veit og at andre naturbrukarar kan reagere negativt på droneverksem. Men dersom ein kan legge vilkår og føringar for verksemda slik at den ikkje kjem i konflikt med vilt eller andre brukarar, vil verksemda vere i tråd med verneforskrifta.

Hekkande fugl er alltid sårbar for uro. Særleg gjeld dette rovfugl, og fleire av rovfuglartane er raudlista og skal derfor takast ekstra omsyn til. Kunnskapsgrunnlaget vi baserer oss på (jamfør nml § 8) syner ikkje nokon registreringar av hekkande rovfugl i dette området (jf. kart over sensitivt biologisk mangfald frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane). So lenge tiltakshavar er aktsam med omsyn til anna vilt i området, er det ikkje venta at dette tiltaket vil uroe viltet nemneverdig. Dette under føresetnad av at tiltakshavar inspiserer området før flyging, slik det vert opplyst om i søknaden, og at flygetida er avgrensa (15 minutt jf. søknad).

Andre naturbrukarar reagerer oftast negativt på droner, og støyen den medfører. For besökande som kjem for å oppleve storstått og til dels urørt natur, vil både synet av og lyden av ei drone vere eit framandelement. «Å gje høve til naturoppleveling [...]» er ein del av verneføremålet i verneforskrifta, so dette er eit omsyn som vert lagt vekt på. Det bør derfor leggast føringar på dronebruk som reduserer risikoen for at den reduserer naturopplevelinga for dei besökande. Til dømes er det rett å legge føringar for å unngå droneflyging i dei periodane av dagen/veka det er flest besökande i området. Ein bør merke seg at omsyna her ikkje berre gjeld dette tiltaket isolert, det må takast høgde for liknande tiltak seinare, og den samla belastninga av all dronebruk (jamfør nml § 10).

Alternativ til bruk av drone til filming vil ofte vere å bruke helikopter. Det genererer meir støy, er vesentleg meir synleg og er på alle måtar meir omfattande tiltak. Slik sett er drone den mest skånsame metoden (jamfør nml § 12) og det er positivt at det vert nytta drone i staden for helikopter. Ein bør likevel vere klar over at droner kjem tettare på både vilt og folk enn kva eit helikopter gjer. Naturmangfaldlova §§ 9 og 11 er ikkje aktuelle i denne saka.

Ein må alltid stille spørsmålet om den omsøkte aktiviteten kan gå føre seg utanfor verneområdet. I dette tilfellet er målet med droneflyginga å syne fram stadsspesifikke destinasjonar i Oldedalen. Filming av Oldeskaret kan berre filmast der, det same gjeld Briksdalen og Kattanakken. Så lenge målet med aktiviteten er fokus på vandring og enkelt friluftsliv på disse tre lokalitetane, så vurderer forvaltar at dette ikkje er i strid mot vernevedtakets føremål og heller ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig. Nasjonalparkstyret bør kunne få sjå filmen når den er ferdig utarbeida.

Nasjonalparkforvaltaren vurderer det slik at bruk av drone slik det er søkt om vil, på visse vilkår, vere innanfor krava i naturmangfoldlova, og vil være omsynsfull og varsam jf verneforskrifta. Det kan derfor gjevast løyve til tiltaket.